



Klubben fryktar stopp i undervisninga ved skulen. (Foto: innsida.no)

**Klubben ved Rosendal ungdomsskule fryktar ein situasjon der det ikkje lenger er forsvarleg å drive undervisning i bygget. Dei skriv til Miljøretta helsevern i kommunen og krev svar på nokre spørsmål kring fristar og utbetring av dei dårlege tilhøve ved skulen, der det også går mange frå Uskedalen. Men samstundes lovar dei å halda seg til regelverket.**

Dei spør mellom anna kvifor fristen for utbetring er 15. februar sjølv om det frå årsskiftet er ulovleg å ha PCB-haldige byggjestoff innanfor huset.

Klubben er klar over at PCB ikkje er umiddelbart helsefarleg, men meiner det ikkje er noko diskusjonsgrunnlag når fristen er 31. desember 2007.

IKT-ansvarleg Matthias G. Zimmermann opplyser at det er fleire reglar som er brote på skulen med omsyn til PCB, til dømes merking av vindauge.

Zimmermann vil også ha svar på kva som ligg i formuleringa "må utbetrast".

– Er det nok når dei har sett fram eit malarspann, spør han. Han peikar også på at det er ei heil liste med avvik etter det siste branntilsynet.

- Me ynskjer oss svar på spørsmåla for å vurdere korleis me kan bidra til å få til ein situasjon som er høveleg både for elevane og tilsette, skriv Zimmermann.

Av Ola Matti Mathisen